

HYRDINGEN

NR. 1

Januar 2016

ÅRGANG 58

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



Julekonsert i Skjold kyrkje.
Foto: Oddbjørn Mangrud

Sideoversikt:

Kateketen har ordet	2	Endring i gudstenesteforordning	4	Gudstenester	10
Bladpengar	2	Min Song. Anne Marie Reimers	5	Frå kyrkjeboka	10
Redaksjonspennen	3	Fullsatt Skjold kyrkje	6	Møter og kungjeringar	11
Ungdomsklubb i medvind	3	Julekonsert i Vikebygd	7	Prestens hjørne	12
Julemessan på Isvik bedehus	4	Portrettet: Børge Løype	8	Mykje jul i Imslandskyrkja	12



HYRDINGEN:

Ansvarleg: Steinar Skartland
Epost: redaksjonen@hyrdingen.no
Bladpengar/gåver til Hyrdingen
på konto: 3201.53.18049
Adr. Skjold kyrkje, Postboks 6,
5574 Skjold

Layout/trykk: A1 Grafisk Idé, Ølen

SOKNEPRESTANE:

Soknepresten i Ølen

Johannes Nedreliid, Eiotunet,
Pb. 60, 5588 Ølen
Tlf 53 65 65 41 Mob. 926 55 651
Epost: johannes.nedreliid@
vindafjord.kommune.no

Kontortid: Tysd:10-12, Torsd: 14.30-16
Fred: 10-12

Soknepresten i Skjold

Jon Ådnøy, Skjold kyrkje,
Pb. 6, 5574 Skjold.
Tlf. 53 65 57 94
Mobil: 932 45 645
jon.adnøy@vindafjord.kommune.no

Kontorass. Marit Hegrenes
Tlf. 53 65 57 96

Soknepresten i Vikedal

Harald Eintveit, Vikedal kyrkjekontor,
Kyrkevegen, Pb. 40, 5583 Vikedal
Mobil 413 25 280
harald.eintveit@vindafjord.kommune.no

Kontortid: Tor 9-15

Mandag er prestane sin fridag.

Kateket Britt Karstensen

Tlf 53 65 65 42 / 45 22 15 80
britt.karstensen@vindafjord.kommune.no

Organistar:

Juri Kotkovitch: 416 46 183
Nelly Kotkovitch: 948 23 044

Haugaland prosti:

P.b. 612, 5501 Haugesund
Tlf 52 80 95 00
Prost Rune Steensnæs Engedal
Mobil 918 34 019
Prostiprest Eldbjørg Andreassen:
Mobil: 952 46 234

Kyrkjeverja i Vindafjord:

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje
Tlf. 53 65 57 93
inghart.lasse.tveit@vindafjord.kommune.no

Soknerådsleiarar:

Skjold og Vikebygd:
Kari Synnøve Velde Haugen
Ølen og Bjoa: Per Ølfarnes
Sandeid: Tore Tokheim
Vikedal: Andreas Andreassen
Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim
Vats: Grete Skeie Sørhus

Kateketen har ordet

Av Britt Karstensen, kateket.



Godt nytt år-eller noko sånt!

Eg var ein av dei som nytta høvet til å gå tur i finveret 1.nyttårsdag. Etter mange stormfulle dagar var det godt å kjenne sola, puste inn frisk luft og få blodomløpet i gang. Både dei litt tunge motbakkane og dei lette unna-bakkane gjorde godt, kvar på sitt vis. I tillegg treftet eg fleire andre på turen og det blei mange «Godt nytt år»-helsingar frå smilande, friske andlet.

Ofte har eg opplevd at smil og helsingar sit lausare når ein er på tur i det fri. Det er liksom del av «opplegget», uansett om dei eg møter er kjende frå før eller ei.

Kan hende du ikkje har lagt så mykje merke til det, men gode helsingar og lysande andlet er også del av «opplegget» i gudstenestene,- det vi kallar liturgien. Det er ikkje småteri når presten i velkomstorda seier:

**«Nåde vere med dykk og fred
frå Gud, vår Far, og Herren Jesus
Kristus!»**

Nåde og fred. Eit utgangspunkt som seier at vi trygt kan legge frå oss alt som tyngjer, alt vi ikkje får til, alt vi stressar med at vi ikkje har fått gjort på rett måte – i syndsveddkjenninga – slik at vi med lett hjarte og sinn kan vandre vidare inn i gudstenesta.

Slik er velkomsten. Så veit vi jo at det skjer både det eine og det andre i løpet av den neste timen i kyrkja. Nokre gonger synes vi kanskje at det går litt treigt – om det er vi, presten eller organisten som manglar kondis kan nok være litt ulikt. Andre gonger kjenner vi tydeleg at her er det godt

Bladpengane finansierer HYRDINGEN

Det gjer at vi kan senda kyrkjebladet for Vindafjord til alle husstandar i kommunen, seks gonger i året. Kyrkjebladet er avhengig av at mange nytta vedlagde giro og betalar bladpengar, sjølv om dette er frivillig. Betal inn til kontonr.: 3201.53.18049, slik at bladet kan halda fram å koma ut til alle. Vi føreslår kr 275,- for heile året, men du bestemmer sjølv beløpet, større eller mindre. Dersom nokon utanfor kommunen ynskjer bladet tilsendt, gjer vi det om dei betalar bladpengar. Tusen takk.

å være, her får vi mot til å gå vidare i både oppoverbakke og lettare terreng – dette vil vi ha meir av!

Uansett korleis gudstenesta uttar seg så kjem det noko heilt til slutt som til og med overgår velkomsthelsinga. Igjen er det Guds store godheit for deg og meg som får dominere. Vi får nemleg med oss vel-signinga, ordrett frå 4 Mos 6, 24-26 .

**«Herren velsigne deg og vare deg!
Herren la sitt andlet lysa over deg
og være deg nådig!
Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje
deg fred!»**

Har du tenkt på kva dei orda seier til deg?

Tenk deg eit barn som fårauge på foreldra etter å ha vært borte frå dei ei stund. Tenk deg ei bestemor som får besøk av eit ivrig barnebarn med verdas finaste bestemor-teikning. Tenk deg nybakte foreldre som får smilerespons frå universets nydelgaste baby. Der har du lysande andlet, fylte av kjærleik. Slik lyser Gud sitt andlet over DEG!

Jovisst er det kjekt og godt med solstråler og nyttårshelsingar ein kald januardag, men dei kan nok likevel ikkje måle seg med helsingane vi får i gudstenestene,- helsingar vi kan vi få gjennom heile året. Det er rett og slett verdt ein tur i kyrkja, spør du meg!

**Godt (nytt) år til deg og dine –
må Herren velsigne deg og vare
deg alle dine dagar!**

Redaksjons- PENNEN



Av Steinar Skartland

Eit nytt år har teke til. Etter planen skal folket Vindafjord i dette året ta stilling til om kommunen skal halda fram som før eller slå seg saman med andre. Dette er eit spørsmål som også vedkjem kyrkje- ne som er organisert i fellesrådsområde innanfor kvar kommune. Også prosti og bispedømme kan verta justerte ved større endringar, m.a. dersom to kommunar som ligg i kvart sitt prosti går saman.

Biskopen må, grunna strammare økonomi, redusera på gudstenestetalet i Ølen sokn frå 3 til 2 gudstenester i månaden. Om dette vil redusera det totale frammøtet gjennom året, er ikkje sikkert. Dersom folk kjem dei to søndagane og ikkje deler seg på tre, kan det kanskje bli fleire samla når kyrkjeklokka ringer?

Det er mykje flott arbeid i kyrkjer og bedehus, men med åtte kyrkjer i kommunen vår så er det nok i fleire bygder ei utfordring både med frammøtetetalet og med økonomien. Difor er vi svært takksame for at Vindafjord kommune har stilt opp og bidreg gjennom budsjettet med midlar til vedlikehald og drift. I år er det kyrkjegarden i Ølen som skal få ny veg, parkeringsplass og utviding. I andre bygder er det flott innsats for å byggja kyrkjelydshus.

Folk er glade i kyrkja, det er noko vi m.a. ser på julafasta då det mange stader var trøngt i kyrkjebenkene på gudstenesta. Tradisjonen med å starta julefeiringa med ei familiegudsteneste står sterkt. Vi- kebygd er ei av bygdene der dette er ei musikalsk gudsteneste. "Halve bygda" møtte saman med både korps og fleire lokale musikarar. Også godt besøkte julekonsertar viser at jul og kyrkje heng godt saman i folk sin tradisjon.

Ny kontortid for soknepresten i Ølen

Tirsdag	kl 10.00 – 12.00
Torsdag	kl 14.30 – 16.00
Fredag	kl 10.00 – 12.00



• Klubbkveld for 5.-7. kl. Anne Marie Reimers held andakt.



• Full konsentrasjon hos fv. Liv Cecilie Imsland og Magni Kristine Eikeland

Ungdomsklubb i medvind

Tekst og foto:
Tone Skippevåg Andreassen

Ungdomsklubben i Vikedal er ein stad der elevar frå 5. – 10. klasse kan møtast for å ha kjekke og trivelege kveldar saman. Klubben held til i Bedehuskjellaren i Vikedal og det er Vikedal soknereåd som er ansvarleg for drifta av klubben.

Klubben er eit samlingspunkt for ungdommane i bygdene Imsland, Vikedal og Sandeid, og den bidrar til å gi dei unge ein trygg og sosial plass å vere på torsdags- og fredagskveldane. I den siste tida har det vore eit utruleg godt oppmøte på klubben, mellom 25 og 50 ungdommar er innom i løpet av ein kveld. Det er veldig kjekt å sjå at ungdommane faktisk nyttar seg av dette tilbodet, og at dei trives på klubben vår.



• Konkurranse er alltid populært blant klubbdeltakarane.



• Sokneprest Harald Eintveit held andakt.

På ein klubkveld er det kvar gong to foreldre som stiller som frivillige vakter, det er sal av mat, blant anna står pizza ofte på menyen. Elles har ungdommane tilgang til bordtennis, playstation, biljard og spørjekonkurranse, og det blir også ofte vist film på storskjerm.

Ord for kvelden er fast på programmet. Andakten vert ofte halden av prestane våre eller andre som er knytte til kyrjeleg arbeid. I haust har me og hatt fleire ungdommar som har gjort denne tenesta for klubben.

Det er nå 24. året ungdomsklubben er i drift, og det er utruleg kjekt å sjå korleis tilbodet vårt framleis er like populært blant barna og ungdommane våre. Me håpar det framleis vil kome fleire ungdommar innom, og at vi kan fortsette i denne gode ånda. Program for våren kan du sjå lengre bak i bladet.

(Sjå program side 9)

Julemesssa på Isvik bedehus



Vats Miniklang

Foto: Asbjørn Velde

Av: Hanne H. Brekke

Det lukta godt av nysteikte potetkaker då folk kom inn dørene på Isvik bedehus for å gå på den årlege NMS julemesssa for Skjold og Vats. Salen var fullsett, og vi fekk høyre flott song

frå Vats miniklang, etterføgt av ein god og kreativ andakt frå Jens Tveit og Randi Dagsland. Det var mykje god heimebakst å få kjøpt, samt flott handarbeid. Til saman kom det inn over 138 000 kroner som går til Det Norske Misjonsselskap.

Kjellaug Eike avslutta julemassa med å slå fast at dette var over all forventning. Ho kom også med ein invitasjon til nye, og kanskje litt yngre krefter, om å være med å lage til julemesse neste år. Dei var opne for nye folk og nye idear, så her var det bare til å ta kontakt!

Midlertidig endring i gudstenesteforordning for Ølen sokn

Utdrag av brev frå biskopen:

Gjeldande gudstenesteforordning legg opp til gudsteneste 3 av 4 sunndagar i Ølen. I 2016 får Stavanger bispedømme strammare økonomi. Det gjer at biskopen må vurdera gudstenesteforordninga. Fleire stader vil det truleg bli nødvendig å redusera forordninga.

Å redusera forordning er ein prosess der det er viktig å involvera sokneråd, fellesråd og presteteneste. Behovet for reduksjon oppstår likevel før ein rekk å gjennomføra heile den prosessen som trengst for å gjera varige endringar i forordning.

Biskopen kan likevel gjera endringar i gudstenesteforordning midlertidig. Stavanger biskop har derfor bestemt at det frå 1.1.2016 ikkje vil

vera presteressurs til å halda gudstenester i Ølen meir enn annakvar sundag.

Biskopen er klar over at planar for våren allereie er under utarbeiding. Det bør likevel framleis vera rom for å endra på desse planane, slik at soknet kan følgja den midlertidige forordninga frå nyttår og inntil vidare.

Biskopen tek gjeme imot tilbakemelding på dette, inkludert soknerådet si vurdering av om den midlertidige ordninga eventuelt kan gjerast permanent.

Tidlegare la kyrkjelova opp til at endringar i gudstenesteforordning skulle drøftast i soknemøte. Nå avgjer soknerådet sjølv kva prosessar ein ønsker lokalt. For biskopen er det nok at soknerådet uttalar seg om behovet for gudstenester i sok-

net. Oppmøte, ressurssituasjon og behov for eit gudstenesteliv med plass til trusopplæringstiltak, dåp, nattverd og forkynning er relevante sider ved dette.

Erling J. Pettersen, biskop
Jorunn Kraft Vistnes, Stiftsdirektør

Redusert prestestilling

S.pr. Johannes Nedreliid tek frå nyttår av ut AFP pensjon i 40%. Kyrkja har funne midlar til å leggje inn 20% vikar for han, slik at nedgangen berre utgjer 20% av tenesta.

MIN SONG

Av Anne Marie Reimers

Eg vaks opp i Vikedal og gjekk på Mo skule. Me hadde ei aktiv kristen lærarinne i alle åra på barneskulen. Me gjekk på Søndagsskulen til me vart konfirmert, men der var ikkje noko kristent barnearbeid på Mo. Men Bedehuset hadde basarar og møter som alle gjekk på.

Eg tenkte den gongen at eg ville fylgja Jesus. Bestemor og mor var kristne, men ikkje av det strenge slaget. Året etter at eg vart konfirmert, gjekk eg ein vinter på Ryfylke Folkehøgskule. Det var ikkje ein kristen skule, men eg opplevde likevel det sidan styraren og fleire av lærarane var kristne. Seinare kom eg meir på avstand frå kristne møter og liknande. Eg starta på hagebruksutdanning. Vart ferdig og praktiserte nokre år, men fann ut at det var ikkje mitt yrke. Eg tok eit «pugge»-kurs på Solborg U.skule, for å prøva meg på lærarskulen.

Kom inn på Stord off. og fann mitt draumeyrke + at eg fann att Jesus som min Frelsar og vegvisar. Som lærar i Svelvik ved Drammen, vart eg aktiv i Indremisjonen sitt Barnearbeid.

Der fekk eg kall til å melda meg til misjonærteneste.



Anne Marie Reimers

Men det var ikkje så enkelt, for eg hadde ikkje gått Vidaregående. Ei misjonær må læra nye språk og eg var over 30 år. Dei bad meg om å gå inn i heimarbeidet til NMS i Norge.

Det gjorde eg, men trudde framleis at eg skulle ut til eit misjonsland. Etter eitt år i Drammen krets fekk eg lov til å senda søknad om å verta antatt som misjonær. Eg hadde tru for at eg skulle til Madagaskar, men det kunne eg ikkje seia til nokon.

14 dagar etter sendt søknad, fekk eg svar om at eg var antatt som misjonær på Madagaskar.

Det vart ein dag eg hugsar. På avskils-gudstenesta i Vikedal song me «Å salige stund uten like.... Spesielt det andre verset vart mitt, og er det framleis. (Av Johan Halmrast)

Å, salige stund uten like

Av Johan Halmrast

Å, salige stund uten like, Han lever, han lever ennu!
Han vandrer i seierens rike, Min sjel, hvorfor sørger da du?
Han er ikke lengre i graven, Hvor bleknet i døden han lå,
Jeg levende så ham i haven, Og aldri så skjønn jeg ham så.

Han lever, og jeg skal få bringe Hans venner det salige ord -
Tenk, jeg som er ringest blant ringe, Den minste han kjenner på jord.
Tenk, jeg skal hans hilsen frembære, Å, kunne jeg synge det ut!
Å, kunne ei engler begjære Å gå med så salig et bud!

Å, salige stund uten like, Han lever, han lever ennu!
Han vandrer i seierens rike, Min sjel, hvorfor sørger da du?
Du søkte din trøst i den døde, Og dvelte ved gravnatten kun,
Så fikk du ham levende møte, Å, salige, salige stund!

Fellesrådet konstituert

Av Steinar Skartland

Fellesrådet for kyrkjene i Vindefjord hadde sitt første møte den 24.11.2015. Først var både det gamle og det nye rådet samla til felles måltid i lag. Både Leiv Karsten Medhaug, som har vore leiar i fleire år, og alle avtroppande medlemmer av fellesrådet fekk blomehelsing og takk for tenesta. Men det varte ikkje så lange stunda før også det nye fellesrådet valde Leiv Karsten til leiar for året 2016. Deretter vart Øystein Kalstveit vald til nestleiar.

Arbeidsutval for Fellesrådet vert samansett av:
Leiar Leiv Karsten Medhaug
Nestleiar Øystein Kalstveit
Steinar Skartland (kommunen)

Leiar og nestleiar vert valde for eitt år om gangen.



Leiv karsten Medhaug og Inghart Lasse Tveit



Imsland kyrkje.

Juletonar til ei fullsatt Skjold kyrkje!



Tekst: Randi Gjellestad

Foto: Oddbjørn Mangrud

Lokale songtalent og kor fra Vats og Skjold fylte Skjold kyrkje med juletonar og la til rette for at publikum kunne reisa heim med god julestemning og ord til ettertanke, «La oss gjera gode ting for og mot kvarandre».

Tradisjonen tru vart det arrangert julekonsert i Skjold kyrkje siste helga før jul, med lokale krefter og kor fra Vats og Skjold. Rundt ein halvtime før konserthen starta var kyrkja fullsatt. Då Arne Tveit la fingrane på orgeltangentane til tonar av «O'Helga Natt» og Gro Marit Mesmer Larsen fylte kyrkja med si flotte stemme var allereie julestemninga innfridd.

Jenny Ohm og Kristoffer Lea-Koltveit saman med Vats Miniklang fortsette med nydelege tonar til songen «Engelen min» før kveldens konferansier Hanne Brekke kunne ynske alle velkomne til kveldens konsert og fortelje at kveldens overskot skulle gå til «Kirkens nødhjelp» til arbeid for flykningar.

Skjold barnekor sjarmerte og var med på å understreke dêt jula eiga gentleg handlar om, med songar som «Det skinner et lys for alle på jord» og «Betlehemsstjernen». Koret Joy song om stjerneunder og songen «Himmel på jord» som kunne skimte med tekstu som «Himmel på jord, en nåde så stor, jeg er'ke alene her jeg bor», var ein fin overgang til kveldens ord av Hanne Brekke.

Ei jente hadde svart på spørsmålet om kva ho gleda seg aller mest til, til jul. «Eg gleda meg til pakkane, maten og gleden». Det er ikkje alle som kan sjå fram til ei jul heime med sine og ei jul utan frykt, men Herren har sagt at han er hjå alle dei som har eit knust hjerta. La oss med eit brennande hjarte for våre medmenneske hjelpe til og gjera gode ting for og mot kvarandre, understreka Hanne i kveldens ord. Gud seier at alt mitt er ditt. Gled dykk alltid i Herren.

Vidare imponerte Hogne Børretsen og Henny Wannberg med gitarspel og solo til songen «Mistletoe», og

familien Anderssen frå Skjold kunne vise til «A cappella» i firstemte tonar til blant anna songen «Hark the Herald Angel sing» til trampeklapp i salen.

For anledninga var eit «Feedback»-kor satt saman av rundt førti songarar leia av dirigent Kari Synnøve Velde Haugen, og koret fylte kyrkja med kjente og kjære julesongar som «Mitt hjerte alltid vanker» og «Det lyser i stille gredner». Eit hint av gospel hører med og solistane Lill Inger Velde, Jan Åge Brekke og Elisabeth Gregersen lyfta stemninga i taket med songen «What a child».

Då konserten nærma seg ei avslutning vart alle involverte takka og ein spesiell takk gjekk til Guro Sørhus som hadde tatt initiativ til nok ein tradisjonsrik førjulskonsert i Skjold kyrkje. Før publikum kunne gå heim med gode ord til ettertanke og julestemning inn til hjerterota blei kvelden avslutta med tonar frå songen «Under Stjernene» og den tradisjonsrike fellessongen «Deilig er jorden».



Hogne Børretsen og Henny Wannberg



Elisabeth Gregersen, Kjetil Ohm og Lill-Inger Velde



Julekonsert i Vikebygd

Av Jens Tveit

Den rommelege og vakre kyrkja i Vikebygd var så godt som fullsett då bygdefolket sjølv laga til ein flott julekonsert som eit gratis spleiselas. Ingrid Sørvåg leia og knytte saman dei forskjellige innslaga på ein lun måte.

Ved opplesing tok ho også forsamlingsmed på gjeterane si oppleving på Betlehemsmarka.

Ida Karolina Kolltveit framførte vacker solosong, og det var duett med Iselin og Synniva. Helge Veastad laga mektig stemning med å framfører «Det hev ei rose sprunge» på «Ha-

waii-gitar» saman med orgelmusikk v. Arne Tveit. Sjølv om det var oppmoda om at det ikkje skulle applauderast under konserten, braut begeistra forsamlingsmed ut i spontan jubel. Ved utgangen vart det gjeve gave til Kirkens bymision.



Portrettet: Børge Løype

Av: Trygve Sandvik, Øvre Vats

Rundt år 2000 kom ein ny mann med i styret for Isvik bedehus, og han har seinare vore med der. Siste året har han vore formann. Denne mannen, Børge Løype, var innflyttar til Skjold, og han starta med rekneskapsføring tidleg i 1990 åra i leigde lokale. I førstninga pendla han frå Tysvær, men frå våren 1994 slo han seg fast til i Skjoldevik. Han har fortsett med rekneskapsføring, og han driv for seg sjølv.

Barndom og oppvekst

Børge er fødd på gard i Heskjadalen i Tysvær i 1961. Han vokser opp i ein kristen heim saman med ein yngre bror. Tidleg tok foreldra han med på møte på bedehuset, og han vart godt kjent med bedehusmiljøet, og han fann seg godt til rette på bedehuset. Det var difor heilt naturleg at han kom med i det kristne skulelaget på Frakkagjerd i tenåra.

Etter barneskule på Førland og ungdomsskule på Frakkagjerd gjekk turen til Lundeneset vidaregåande skule, handel og kontorlinja. Han tok eit år om gongen, men det var liten tvil om at han skulle fortsetja. Han hadde funne ei utdanning som interesserte han, og kontor, tal og rekneskap vart den vegen han kom til å slå inn på.

Kristent engasjement

Børge har fleire fritidsinteresser så som å ta seg fjellturar i nærmiljøet og å koma seg rundt i distriktet med bilen. Men mest av alt er han oppteken med kristent arbeid. Han engasjerer seg i mykje av det som føregår på bedehuset eller i kyrkja anten det er å leia møte eller å vera sjåfør. Saman med fleire personar frå dei tre bedehuskrinsane i Skjold er han med å koordinera dei fleste bedehusmøta. Han meiner det er svært viktig at dei unge får læra om Jesus, og han ser det som sentralt at



Børge Løype

dei får prøva seg på leiaroppgåver så tidleg som mogleg slik at dei får ansvar for å vera med og dela Guds ord. I den samanhengen tenkjer han attende på seg sjølv då han som 15 ½ år fekk i oppdrag av ungdomsleiaeren i Tysvær og Søre Skjold kristelege ungdomslag å leia sitt første laurdagsmøte på Langeland bedehus i Skjold. Det kristne ungdomslaget i dei tider var svært aktivt, og om laurdagskveldane var dei rundt om på bedehusa i Tysvær og søre Skjold (19 bedehus + Stemnestaden !) og heldt møte. Børge tok på seg oppdraget, men han avtala med formannen i laget at han på møtet skulle sitja attmed Børge i fall det skulle oppstå ein vanskeleg situasjon. Men Børge kom seg vel gjennom oppgåva, og sidan har han leia ganske så mange møtesamvær. Han smiler når han tenkjer attende på denne tida. Det kristne ungdomslaget starta i 1968 og det heldt seg aktivt til langt utover -90 talet.

Kyrkje eller bedehus eller begge deler?

Børge innrømmer at han er vel meir "bedehusmann" enn "kyrkjemann". Men han finn seg godt til rette på begge stader. I kyrkja har han vore klokkar, og han er ofte med når folk samlast til samvær anten den eine

eller andre staden. Han ser svært positivt på at mykje av barne- og ungdomsarbeidet skjer i kyrkja i Skjold, men han likar ikkje den utviklinga som kyrkja er inne i der ho på einskilde felt fjernar seg frå Guds ord særleg i spørsmålet om kyrkjeleg vigsel blant likekjønna par. Han uttrykkjer seg slik: "Det er eit stort behov for oppvakning blant leiarskapet i kyrkja. Meir og meir viktig er det å be for dei prestane som står fast på Guds ord og stå opp for dei, for dei vil nok møta ulike former for press framover, og mange står i ein smerteleg situasjon overfor sin biskop."

Me stiller spørsmålet korleis han ser på utviklinga for bedehusa. Til dette svarar han at han hadde nok venta at fleire representantar frå dei kristelege ungdomsforeiningane hadde funne vegen til bedehuset når dei veks til, serleg saknar han personar i si eiga aldersgruppe. Men han er fullt klar over at det er mange tilbod til folk i dag slik at det er ikkje så enkelt å samanlikna dette med den tida han var ungdom.

Drivkrafta bak det kristne engasjementet

Under intervjuet får me eit klart inntrykk av at Børge er verkleleg oppteken av å hjelpe til med å gjera Guds ord kjent blant sambygdingane. Me spør han kva som driv han til dette, og då svarar han: Det er trua på Jesus".

Ved å gå inn i vekslande oppgåver i kyrkja eller bedehuset får han ansvar og interesse for nye oppgåver, og det gir eit meaningsfullt og interessant liv. Han understrekar på nytt kor viktig det er at unge får tidleg vera med og ta ansvar i dette arbeidet, og han gler seg over det rike barne – og ungdomsarbeidet som vert drive i bygdene. Han trekker også fram det gode samarbeidet som det har vore mellom bedehusa i Skjold, og som eit framtidig ønskje vonar han at dette skal vara ved.

LØYSNING på Kryssord i nr 6 - 2015: Vannrett 1.GOUDE 6. JONAS 7. ENG 8. LT 9. TRE 11. ERT 13. IN 14. PIR 15. NÅL
17. DA 18. EGLE 19. IN Loddrett: 1. GJETAR 2. OO 3.UNGEN 4.DAL 5.ASTRID 10.RING 11.EPLE 12.TRAN 16. ÅL

Velkommen til
Lundeneset

Hjemmefra, men ikke alene

Lundeneset VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg. Vi tilbyr Studiespesialisering, Medier og kommunikasjon, Service og samferdsel og Påbygging til generell studiekompetanse.

HOS OSS FÅR DU KUNNSKAP OG VENNER FOR LIVET!

[LES MER PÅ LVS.NO](#)



Vier en del av NLMVGS



LUNDENESET VGS
en kristen internatskole i Ølensvåg



Vier en del av NLMVGS



LUNDENESET VGS
en kristen internatskole i Ølensvåg



5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10



5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12



Vikebygd Landhandel AS

Tlf. 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01 - joker.vikebygd@ngbutikk.net

Organiseringa av kyrkjebladet Hyrdingen

Av redaktør Steinar Skartland

Kyrkjebladet Hyrdingen går inn i sin 58. årgang. Det omfattar dei åtte kyrkjesokna i Vindafjord. Si nåverande form og omfang fekk bladet etter kommunenesamsluttinga i 2006, og 10 år er gått. Redaksjonen har vendt seg til Fellesrådet med spørsmål om å oppdatere retningslinjer og vedtekter. Fellesrådet igjen har bede redaksjonsnemnda utarbeida utkast til vedtekter.

I dag er det redaksjonskomiteen på fire medlemmer (inkl. redaktør) som står for utarbeiding av stoff og innhald. Dette arbeidet gjer dei på vegne av sokneråda, som nå (som prøveordning) er redusert frå åtte til seks. Rekneskap tek fellesrådet seg av gjennom avtalen med kommunen. Her blir også rekneskapen revidert. Layout, trykk og utsending vert utført av verksemda: A1 Grafisk Idé.

GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller
ring og be om katalog.

[www.skattkjaer.no](#)

Skattkjær Skiferindustri as

Ørpetveitsvn. 59 • tlf. 52 70 42 90

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30 • Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

BLOMAR TIL GRAVFERD

Me leverer alle typar sorgbinding. Ølen Begravelsesbyrå har bøkene våre, med mange bilde. Spør om å få sjå dei, eller ta kontakt med oss direkte. Du finn oss og på nettet.



Tlf. 53 76 88 35 • [www.olenserter.no](#)



Primærtjenesten Bjoa AS

Rep. av jordbruksredskap
og mek. verksted

TLF. 53 76 97 61

Mobil: 905 42 342 - Fax 53 76 92 80

STELL AV GRAVPLASSER!

Kontakt Miriam:
93 21 66 79 / 52 75 88 60



Klubbkveldar i bedehuskjellaren i Vikedal våren 2016

5.-7.kl. torsdagar 18.00-20.00		8.-10.kl. fredagar 19.00-23.00	
4.februar	Ord for kvelden: Anne Marie Reimers	5.februar	Ord for kvelden: Jonas Bergem
25.februar	Ord for kvelden: Sokneprest Harald Eintveit	26.februar	Ord for kvelden: Sokneprest Harald Eintveit
10.mars	Ord for kvelden: Lillian Eikeland	11.mars	Ord for kvelden: Eirik Stople
31.mars	Ord for kvelden:	1.april	Ord for kvelden: Eirik Stople

VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

Dato	Kl.	Kyrkje	Info
31. januar Kristi forklåringsdag Luk 9,28-36	11.00 17.00 11.00	Imsland kyrkje Skjold kyrkje Brandøy	Nattv. Konf. møter. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet. G 17-gudsteneste. Nattverd. Takkoffer: Søndagsskulekrinsen Avslutning leir for alle 5. klassar i Vindafjord. Takkoffer.
7. februar Fastelavnssøndag Luk 18,31-34	11.00 17.00	Sandeid kyrkje Vats kyrkje	Dåp. Takkoffer: Frelsesarmeen. Nattv. Konf. møter. Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet,
14. februar 1.s. i fastetida Matt 26,36-45	11.00 19.00 11.00	Vikedal kyrkje Ølen kyrkje Skjold kyrkje	Nattverd. Takkoffer. Nattverd. Takkoffer. Dåp. Nattverd. Takkoffer: Kyrkjeleg ressurssenter mot vold/overgrep mot kvinner
21. februar 2.s. i fastetida Jes 55,1-7	16.00 17.00 11.00	Imsland kyrkje Vats kyrkje Vikebygd kyrkje	Nattverd. Takkoffer. Konf. møter. Nattverd. Takkoffer: Stavanger bispedømeråd. Nattverd. Takkoffer: Indremisjonssamskipnaden.
28. februar 3. s. i fastetida Luk 22,28-34	16.00 11.00 11.00	Sandeid kyrkje Ølen kyrkje Skjold kyrkje	Avslutn. skattekjakt. Takkoffer trusopplæringa i Sandeid. Konf. møter. Dåp. Nattverd. Takkoffer Fam.gudsteneste. Nattverd. Dåpsskule. Avslutn. skattekjakt. Takkoffer: Barne-og ungdomsarb. i Skjold
6. mars 4.s.i fastetida Joh 6,24-36	16.00 11.00 11.00	Vikedal kyrkje Bjoa kyrkje Vats kyrkje	Nattverd. Avslutn. skattekjaka. Takkoffer. Konf. møter. Nattverd. Takkoffer Nattverd. Avslutn. skattekjakt. Takkoffer: Søndagsskulen.
13. mars Maria Bodskapsdag Luk 1,39-45	16.00 11.00 11.00 17.00	Imsland kyrkje Ølen kyrkje Vikebygd kyrkje Skjold kyrkje	Nattverd. Avslutn. skattekjakt. Takkoffer. Sprell-levande gudsteneste. Nattverd. Takkoffer Nattverd. Avslutn. skattekjakt. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet. G 17-gudsteneste. Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeid

“Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast” (Hebr. 10,25)

FRÅ KYRKJEBOKA

IMSLAND

Døpte:

03.01. Thea Halleraker

VIKEDAL

Døpte:

22.11. Jone Halleraker

SANDEID

Døpte:

15.11. Alma Håheim
15.11. Kasper Steinnes Sørbø

Vigde:

31.12. Kristine Olemine Steinnes og Geir Skogen

Døde:

03.01. Sigrun Matre f. 1926

SKJOLD

Døpte:

29.11. Maria Juanita Rossebø Amundsen
29.11. Matilde Hamre Hjelmeland

29.11. Mathilde Tjemsland

Døde:

03.01. Tollak Landa f. 1928

VATS

Døpte:

15.11. Eirik Eikeland
06.12. Frøya Hemnes Eikeland
(Døpt i Vår Frelsers kyrkje)

Døde:

12.11. Vendla Serina Selvåg f. 1945
29.11. William Markus f. 1939
16.12. Henrik Severin Kleveland f. 1943

25.12. Karen Sannes f. 1918

28.12. Torbjørg Sørhus f. 1921

ØLEN

Døde:

02.12. Bodil Eide f. 1951
06.12. Agnes Olava Aardal Berg f. 1920
10.12. Anny Teoline Grundberg f. 1930
25.12. Toralv Martin Dørheim f. 1926
28.12. Bjarne Djuve f. 1933

BJOA

Døde:

18.12. Sven Espenes f. 1934
21.12. Håkon Ferdinand Andersen f. 1941



Neste nummer av Hyrdingen kjem ut 17. mars.
Frist for levering av stoff er 20. februar

MØTER OG KUNNGJERINGER

Vågen bedehus

31.1.	Søndag	11:00	Søndagsmøte
2.2.	Tirsdag	17:30-	Jentelaget og Gutelaget - 19:00 Bedehuset og Lundeneset
2.2.	Tirsdag	19:30	Møte, NLM - Talar: S. Hovda
3.2.	Onsdag	19:30	Møte, NLM - Talar: S. Hovda
4.2.	Torsdag	19:30	Møte, NLM - Talar: S. Hovda
5.2.	Fredag	19:30	Møte, NLM - Talar: S. Hovda
6.2.	Lørdag	18:00	Generasjonssamling, NLM - Talar: Sverre Hovda
7.2.	Søndag	11:00	Søndagsskule
7.2.	Søndag	19:30	NLM - Talar: Sverre Hovda
10.2.	Onsdag	19:30	Misjonskveld
14.2.	Søndag	11:00	Søndagsmøte
17.2.	Onsdag	19:30	Bønnemøte
21.2.	Søndag	11:00	Søndagsmøte
21.2.	Søndag	11:00	Søndagsskule
24.2.	Onsdag	18:00	Bedehusbasar
28.2.	Søndag	16:00	Søndagskaffi m/andakt for barna
1.3.	Tirsdag	17:30-	Jentelaget og Gutelaget - Be- dehuset og Lundeneset 19:00
2.3.	Onsdag	19:30	Bønnemøte
6.3.	Søndag	10:00	Søndagsskulefrokost
6.3.	Søndag	19:30	Søndagsskule
9.3.	Onsdag	19:30	Bønnemøte
11.3.	Fredag	19:30	Møte-Talar: Harry Wiig Andersen
12.3.	Lørdag	11:00	Møte-Talar: Harry Wiig Andersen
15.3.	Tirsdag	17:30-	Jentelaget og Gutelaget - 19:00 Bedehuset og Lundeneset
16.3.	Onsdag	19:30	Basar, I MS
20.3.	Søndag	11:00	Søndagsskule
20.3.	Søndag	19:30	Søndagsmøte, palmesøndag

Vikebygd bedehus

28.1.	Torsdag	19:30	Gladsong Steinars Skartland deltek
6.2.	Laurdag	15:30	Laurdagsklubb for born 4-12 år
11.2.	Torsdag	19:30	Møte med IMS v/Olav Eikemo
20.2.	Laurdag	15:30	Laurdagsklubb for born 4-12 år
25.2.	Torsdag	19:30	Møte med Norsk Gideon v/Rolf Jarl Sjøen
5.3.	Laurdag	15:30	Laurdagsklubb for born 4-12 år
18.3.	Fredag	19:00	Basar og Årsmøte for bedehuset. Ingfrid Byrkja Hystad held andakt
19.3.	Laurdag	15:30	Laurdagsklubb for born 4-12 år
2.4.	Laurdag	15:30	Laurdagsklubb for born 4-12 år

Bedehusa i Vats

3.2.	Onsdag	19:30	Blikrabygda bedehus, NMS
10.2.	Onsdag	19:30	Kårhus bedehus, Normisjon
11.2.	Torsdag	19:30	Øvre Vats bedehus, Årsmøte
17.2.	Onsdag	19:30	Øvre Vats bedehus, NLM
22.2.	Måndag	19:30	Kårhus bedehus, Årsmøte
24.2.	Onsdag	19:30	Blikrabygda bedehus, Indre Sjø
28.2.	Søndag	11:00	Øvre Vats bedehus, MNL
2.3.	Onsdag	19:30	Kårhus bedehus, Samemisjonen
9.3.	Onsdag	19:30	Øvre Vats bedehus, Indre Sjø
13.3.	Søndag	11:00	Øvre Vats bedehus, NML
16.3.	Onsdag	19:30	Blikrabygda bedehus, Gideon
23.3.	Onsdag	19:30	Vats kyrkje, Via Dolorosa
30.3.	Onsdag	19:30	Kårhus bedehus, Normisjon

Kyrkjeturnet, Ølen

29.-	Fre.-		Bibel og misjonshelg NMS
31.1	Sønd.		
4.2.	Torsdag	11:00	Torsdagstreff
5.2.	Fredag	18-	Klubb
11.2.	Torsdag	19:30	Info-møte ang Alpha v/dagl Ieder I.M.Paulsen
12.2.	Fredag	19:30	Bønne- og Lovsangskveld. Fellesskap på tvers.
25.2.	Torsdag	19:30	Årsmøte Kyrkjeturnet
28.2.	Søndag	17:00	«Showit»
3.3.	Torsdag	19:30	Temasamling v/Roar Flackè. (Vekst – bli som Jesus)
4.3.	Fredag	18-	Klubb
6.3.	Søndag	19:30	Søndagsmøte IMS v/Olav Eikemo
10.3.	Torsdag	19:30	Songkveld «SENIORES»
13.3.	Søndag	19:30	Søndagsmøte. Georg Kal- levåg. Indre sjø.
17.3.	Torsdag	19:30	Misjonsprosjektet v/Gunnar Hamnøy
18.3.	Fredag	18-19.30	Klubb
18.3.	Fredag	19:30	Bønne- og Lovsangskveld. Fellesskap på tvers. Barnekoret annakvar tysdag.

Innbjoa bedehus

5.2.	Fredag	17:30	Credo 5.-9. klasse på Bjoa skule
10.2.	Onsdag	17:30-	Mini-Credo 2.-4. klasse
		19:00	
10.2.	Onsdag	19:30	Onsdagsmøte. Bønn kl 19:00.
24.2.	Onsdag	17:30-	Mini-Credo 2.-4. klasse
		19:00	
28.2.	Søndag		Songkveld i Bjoa kyrkje
9.3.	Onsdag	17:30-	Mini-Credo 2.-4. klasse
		19:00	
9.3.	Onsdag	19:30	Årsmøte. Bønn kl 19:00.
18.3.	Fredag	17:30	Credo 5.-9. klasse på Bjoa skule

VATS PENSJONISTLAG

23.2.	Tirsdag	17:00-	Møte i kjellarstova på Vindaf- jordhallen
29.3.	Tirsdag	17:00-	Møte i kjellarstova på Vindaf- jordhallen

Forskjellige kåsørar, trekspelmusikk, sang, opplesing, mat og kaffi Kjekt om 'DU' kjem. Alle velkommen.

Bedehusa i Skjold

2.2.	Tysdag	Ersland: Normisjon. Temakveld.
9.2.	Tysdag	Austrheim: Indre Sjømannsmisjon
16.2.	Tysdag	Isvik: Samemisjonen
23.2.	Tysdag	Ersland: NLM Misjonssamband
1.3.	Tysdag	Austrheim: Indre Sjøm. Temakveld
8.3.	Tysdag	Isvik: Israelsmisjonen
15.3.	Tysdag	Ersland: Norsk Gideon
29.3.	Tysdag	Austrheim: Kr. Muslimmisjon

Prestens Hjørne: Kven høyrer med til kyrkja?



Foto: Kyrkjerådet)

Av sokneprest Jon Ådnøy

Dåp gir medlemsskap

Måten dei fleste blir medlem i Den norske kyrkja («statskyrkja») på, er gjennom barnedåp. Mange blir døypte før dei er eit halvt år gamle. Udøypte barn blir rekna som «tilhørande», og har dei same rettane som medlemmer, dersom foreldra er medlemmer. Dette gjeld fram til den religiøse myndighetsalderen, som er 15 år.

Det vil seia at barn i Vindafjord med minst ein av foreldra som kyrkjemedlem skal ha tilbod om babsong, fireårsbok, skattejakt for 6-åringar, «Lys Vaken»-opplegg, bibel og leirhelg i 5. klasse, og eit konfirmasjonsopplegg på 60 timer. Hos oss har kyrkjelydane valt å invitera alle som ønskjer det på sike samlingar, også om ingen av foreldra er kyrkjemedlem.

For å vera med på den avsluttande konfirmasjonsgudstenesta må ein vera døypt.

Dei seinare åra har dåp av større born og ungdomar blitt meir vanleg. Det heng saman med at ein større del av foreldra vel å ikkje døypa barnet når det er lite. Somme ønskjer

ikkje at barnet skal utsetjast for religion i det heile tatt. Andre tenkjer at eit så stort og viktig spørsmål skal barnet sjølv vera med å ta stilling til når det blir større.

Dåp av større born og ungdomar

Når eit lite barn blir døypt, er det foreldre og fadrar som svarar «ja» til spørsmålet om dei vi at barnet skal bli døypt, og oppsedast i den kristne forsaking og tru. Også større born har med seg fadrar. Men det er naturleg at barnet gjennom samtalar på førehand er innforstått med kva dåpen går ut på, og er med på å svara «ja». Ved dåp av ungdommar over 15 år, er det dåpskandidaten åleine som svarar.

Innflyttarar

I Den norske kyrkja er ein medlem i den kyrkjelyden ein geografisk bur i. Flyttar ein vatsbu til Ølen, blir ho automatisk medlem i Ølen kyrkjelyd (så sant ho er døypt).

Kjem ein flyttande frå andre land, er ein ikkje medlem i Den norske kyrkja før ein har meldt seg inn. Ein må vera døypt for å bli medlem. Om dåpen skjedde i ei ortodoks, katolsk, baptist-

eller pinsekirkje har ikkje noko å seia. Har ein bakgrunn i eit ikkje-kristent trussamfunn, eller ikkje har hørt til noko religiøst fellesskap, må ein gjennom dåpsopplæring og dåp før ein blir medlem i Den norske kyrkja.

Alle betaler «kyrkjeskatt»

Ein del av skatten me betaler til stat og kommune går til trussamfunn. Alle trussamfunn (medrekna Human-Etisk Forbund) får like mange kroner for kvart medlem som Den norske kyrkja. Med pengane får også trussamfunna plikt til mellom annan tilbod om trusopplæring for medlemmene.

I til dømes Tyskland står «kyrkjeskatt» på skattesetelen for dei som er medlemmer i eit trussamfunn. Dei som ikkje er medlem nokon stad, betaler mindre i skatt. Hos oss blir ikkje den samla skatten lågare for menneske som står utanfor alle trussamfunn.

Medlemmer har rett til vigsel og gravferd i heimkyrkja si. Ikkje-medlemmer har ikkje denne retten. I andre land, som Sverige, må ikkje-medlemmer betala for slike kyrkjelege handlingar.

Mykje jul i Imslandskyrkja

Av Theodor Imsland

Det har vel knapt hendt før at kyrkja har vore i bruk 4 gonger på 8 dagar Men i år skjedde det.

Det var skulegudsteneste den 18., jula vart sungen inn den 20., gudssteneste om julaftan, og det same 1. juledag. Til saman var mange fleire innom enn heile folketalet i bygda. Juleaftan var det spesielt mange som møtte fram, over 180.

I år var me for det meste sjølvhjelpe med å få jula sungen inn. Ingen kjendisar med høge honorar og ikkje inngangspengar, alt var gratis. Det nye barne- og ungdomskoret vårt, som Marita Staurland er leiar for, kom inn i prosesjon med tende lys i hende under preludiet. Dei opna med å syngja Jakob Sande sin umåteleg populære julesong "Det lyser i stille grender". Ein nykomling i salmeboka, Alf Prøysen si julekveldsvise, var



Imsland barne- og ungdomskor

første fellessongen. Lisa Marvik song mellom anna "Nordnorsk julesalme" av Trygve Hoff. Janicke Jaisua, som bur i Vikedal, song den kjende julesongen "I'll be home", og eit par nyare norske julesongar.

Torunn Rønnevik og barnebarnet Linnea song saman "Himlen i min favn" av ErikHillestad/Carola Hagkvist. Olaug Imsland las dikt, og siste solistinnslaget stod Torunn Rønnevik for. Ho framførde Pie Jesu av Andrew Lloyd Webber. Innimel-

lom var det mange fellessongar med kjende julesalmar, og sokneprest Eintveit batt programmet saman med kommentarar til dei einskilde innsлага. Han heldt og ein kort andakt og som vanleg slutta ein av med "Deilig er jorden". Ute storma og regnde det, og ein kraftig haglskur tromma ei stund så hardt mot rutene at det var vanskeleg å høyra. Men inne var det god førjulsstemning, og frå dei mange som trassa uveret og møtte fram, var det berre lovord å høyra.